



ÅRDAL KYRKJE



BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPELL



SANDNES KYRKJE



AUSTAD KYRKJE

Kyrkjebladet

Nr. 4 - 2025 - 82. årgang

FOR BYGLAND



*Gamlelæraren Andreas Helle frå Austad saman med sine tre dugande elevar frå Kvarstein skule -
Kristine Borgen, Eirik Hodnemyr og Mats Hansen.*

Dette kan du lese om i Kyrkjebladet:

***Andakt • Jolehelsing frå soknerådsleiaren • Joleprat med ordføraren
Vår nye sokneprest • Takk og avskil med gamlepresten • Song- og diakonigudsteneste
Takk til avtroppande kyrkjevevjerje • Adventshelsing • Tårnagentar og
komfirmantpresentasjon • Konfirmanttankar om jola • Gudstenesteliste • Jolekonsertar***

Andakt ved Kristine Borgen:

Deilig er jorden



Det er nesten fælt å seie det, eg som er prest, at eg ikkje er så glad i jol. Det er på ein måte ikkje heilt sant, for eg likar alle dei enkelte delane av jola. Eg likar maten, det at familie og vener møtast, eg likar jolemusikken, og ikkje minst så er eg sjølv sagt veldig glad i jolebodskapen.

Men når ein slår alt dette saman og kallar det JOL, då kjenner eg det nesten i magen. Alle forventningane, alt som skal ordnast, eg hugser då eg var aleinemor for tre gutar og økonomien ikkje var noko å skrive heim om, men ein skulle ha fine gåver til alle.

Og så har eg kjent på det å føle seg aleine, det såg ut som alle kosa seg og gledde seg, "alle" hadde liksom ein heil og fungerande familie og alt såg så flott ut. Og så var det ikkje slik for meg. Og når eg tenkjer meg om så var det kanskje ikke slik for alle dei andre heller.

Faktisk er eg ganske sikker på at fleire har kjend på det eg kjende på. At det var altfor mykje. Overveldande.

Og at det var umogeleg å leve opp til forventningane.

Livet mitt ser annleis ut no, eg føler meg ikkje så aleine og mange ting er bra, men likevel slepp ikkje denne kjensla av at jola er for mykje. Så kva gjer ein med det? For eg vil jo gjerna at det skal kjennast annleis.

Kanskje kan eg velgja å fokusere på og gi mer plass for det som trass alt er det viktigaste, nemleg det at ljuset og vona kom til jorda vår. At vår vesle jord var så viktig, at menneska var så viktige at Gud kom til oss som eit forsvarslaust lite born. Blei som oss, levde under dei same vilkår som oss.

Me veit jo at det ikkje alltid er så lett å leva, me veit at livet krev mykje av oss, sjølv om me her i dette landet har gode føresetnader for eit godt liv, så er det allikavel krevjande. Til denne verda kom altså Jesus, med ljus og med von, han kom endå til eit fattig hus i eit fattig land. Men han kom. Han kom og han snakka om kva som er viktig i livet. Han snakka om det å elske Gud og kvarandre. Han snakka om Guds kjærleik til oss, om at dei viktige tinga det er det me ber inni oss, og den kjærleiken me gir til andre.

Det er framleis, i ei verd der makt og penger ser ut til å vera det vikti-

gaste, ein kontroversiell bodskap. Ein bodskap som me i kyrkja trassig held fast på og snakkar om, om att og om att, sundag etter sundag, jol etter jol. Det skal me gjera i år og.

Eg skal nytta tida mi i jola til å minne meg sjølv på det viktige, og i tru og trass skal eg om att og om att syngje:

*Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel,
skjønner er sjelenes pilgrimsgang!
Gjennom de fagre
riker på jorden
går vi til paradiset med sang.*

*Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang;
aldri forstumme
tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den
først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden,
menneske, fryd deg!
Oss er en evig Frelser født.*

En julehilsen fra leder av soknerådet/fellesrådet



Så skriver vi november og det nærmer seg jul atter en gang, den tiden som bare forsvinner. I år hadde jeg tenkt jeg skulle få god tid til å være på heia, reise på turer i nærområdet, male litt hjemme o.s.v men plutselig var vi på slutten av året igjen....

Det er nok mange med meg som tenker slik, jeg hører stadig «vi tar det til høsten da blir det bedre tid» men det gjør ikke det. Så vi må stoppe opp og ta oss tid til de tingene som er viktige for hver enkelt.

Dette året har lært meg at det er viktig å ta vare på de dagene vi har og de menneskene rundt oss som betyr noe for oss, man vet aldri hvor lenge man har hverandre og plutselig er det for sent. Vi har snakket mye i soknerådet/fellesrådet dette året om de som sitter alene og har mistet noen som betyr mye i livet deres, hva er igjen når hverdagen er tilbake og folk rundt har nok med sitt. Dette har fått meg til å reflektere mye over temaet. Vi i soknerådet/fellesrådet i samarbeid med diakonen jobber med å få på plass et tilbud, men vi som medmennesker har også et ansvar i en liten kommune. Og hvis alle tok bare ett ekstra besøk eller telefon til noen som er alene, i sorg

eller har ekstra å stri med så hadde vi kommet et ganske langt stykke på vei. Jeg har i alle fall tenkt å minne meg selv på dette fremover, du vet «mange bekker små, gjør en stor å».

Så til de tingene som soknerådet/fellesrådet ellers er opptatt av i disse dager, og det er økonomi og budsjett. Kommunedirektøren har lagt fram et budsjett som sier sparing som i nesten alle landets kommuner, det må strammes inn i alle sektorer, også vår. Vi står foran en stor jobb med å finne ut hvordan vi kan bruke overføringen fra kommunen på best mulig måte for kommunens innbyggere.

Soknerådet/fellesrådet ønsker at alle innbyggere skal få ha de kirkelige handlingene som dåp, konfirmasjon, bryllup og begravelse i den kirka de hører til. Med 5 kirker i kommunen så må vi snu hver stein og se på alle prioriteringer for å få dette til innenfor den rammen vi får fra kommunen.

Så ønsker vi også at vi skal kunne tilby noe mer enn disse kirkelige seremoniene, ett innhold som kan gi innbyggerne i kommunen noe mer i de urolige tidene vi nå er inne i. Et pusterom, et sted for glede, ettertanke, diskusjoner, sang og opplevelser. Dette blir viktig i budsjettarbeidet.

Nå starter vi dette arbeidet med ny kirkeverge og ny prest - et samarbeid som så langt har vært veldig bra. Å se på ting med nye øyne er sjeldent et minus og vi håper og tror at vi i årene fremover vil bringe mye godt til innbyggerne i kommunen.

Til slutt vil jeg benytte anledningen til å takke alle i kommunen som stiller opp på dugnader, er med i styrer, lag og foreninger - trenere og ledere og alle andre frivillige. Uten alle dere hadde ikke Bygland vært det samme og ikke sånn en fantastisk kommune å bo i.

Mange forjuls-hilsener fra
Gro Tove Sandnes
Leder av soknerådet/fellesrådet

*Julestemning med
Kong Hanes Efstf.
& vener*

*i Bygland kyrkje
sundag 14.12.2025 kl 17:00
Billettsal i døra - kr 150,- for voksne*

Runar Granheim:

Mislykka peparkakehus, klissete kjærleiksfilmar og den gode jolestemninga!

Den folkekjære ordføraren i Bygland tek seg meir enn gjerne tid til eit lite intervju med Kyrkjebladet midt i budsjettforhandlingane. Han vil så mykje for innbyggjarane sine, og så vert det berre mindre og mindre pengar å gjere det for.

Tekst og foto: Anne Synnøve Ropstad

Denne omtanken for dei rundt seg kjem fram i svaret på det fyrste spørsmålet vi stillar; kva er jol for deg?

«Det eg set aller mest pris på med jola er å vere saman med familien. Eg kjenner meg beint fram heldig, eller velsigna for å seie det slik, som har ein stor flokk rundt meg, av både små og store. Det er også fint å kunne fylle heimen med lys og jolenissar og småkaker, medan det er på det mørkaste ute. Eg er takknemleg!»

Joletradisjonar

Me vil jo gjerne bli meir kjent med korleis familien Granheim får jolestemninga på plass, og lurar på kva for joletradisjon som er viktigast i heimen:

«Eigentleg to ting. Den eine er at eg og ungane, som ikkje lenger er ungar, lagar eit peparkakehus kvart år. Det blir eigentleg like mislykka kvar gong. Eg er verkeleg ingen byggherre. Men det er ein fint å gjere ting saman, og så er det godt å berre kunne ete det opp når det dett ned av seg sjølv, etter kort tid. Den viktigaste tradisjonen er rett og slett å vere saman med familien!»

Ein viktig ting å få klarlagt er jo sjølvsagt kva ein tilfører magen i løpet av desember. Eg spurte ein ungdom

kva det viktigaste spørsmålet ein skulle spørje ein ordførar om i eit joleintervju. Då var det inga tvil: Er brun eller raud jolebrus best? Og ordføraren var ikkje i tvil om svaret heller:

«Med fare for å drive marknadsføring i Kyrkjebladet, så må eg seie at for meg er det kun CB sin jolebrus som gjeld. Altså den brune jolebrusen.»

Oppfølgjaren til dette er jo sjølvsagt jolemiddagen: Pinnekjøtt, ribbe eller lutefisk?

«Eg likar veldig godt ribbe. Eg tenkte at det var det vi skulle ha kvar jolaftan, men kona mi bestemte oss for at det skulle vere pinnekjøtt, urøykt, og helst lokalt. Det er veldig godt det og. Ein gong laga ho løksaus, utan løk, dei gløymte ho på kjøkkenbenken, men det var ingen som merka nokon ting til. Då måtte vi le. Lutefisk lagar eg svært sjeldan, men mamma lagar det. Det er godt det også i grunn.»

Eit godt joleminne

Gjennom heile intervjuet kjem det tydeleg fram at dette er ein mann med eit godt hjarte. For mange er jo nett familien og det å vere saman med dei næraste i joletida viktig. Når ein hektisk kvardag møter høgtida, utkrystalliserer det seg ofte kva for verdier i livet ein faktisk set høgt. Når Runar skal trekkje fram eit særskilt godt joleminne, svarar han trygt:

«Eg er heldig som har ein stor og samansveisa familie. Gode joleminne har eg mange av, men som særleg gode minne vil eg trekke fram når vi feira jol heime hjå mormor og bestefar på Byglandsfjord.»

Det gode hjartet til Runar kjem ikkje berre til uttrykk i møte med dei næraste,

men òg i jobben hans som folkevald. Han vil verkeleg at bygglendingane skal ha det godt og trivast, og står på på mange måtar for det. Då me ikkje hadde nokon til å spele på heimen og i gudstesta kl 14.30 på jolaftan, var han ikkje vond å be. Kvifor sa du ja utan å nøle, til dette, Runar?

«For meg er musikk medisin. Eg er glad i å spele, og har fleire instrument heime som eg dessverre får for lita tid til å bruke, sidan jobben som ordførar tek så mykje tid. Då eg blei spurt om å hjelpe til med musikken på jolaftan, trengte eg ikkje noko tid på å seie ja. Det gjev meg så mykje å kunne bidra med noko eg kan og likar å gjere. Det er dessutan veldig stas å få lov til å spele på det gode kyrkjeorgelet vi har i Bygland kyrkje. Eg gler meg og til å spele på Byglandsheimen på jolaftan. Det skal eg og gjere torsdag 18. desember, saman med den eminente Kenneth Fyhn.»

Som for mange i folkekyrkjelandskapet vårt, så er han òg glad i kyrkja si: «Kyrkja for meg er noko spesielt, sjølv om eg ikkje trur. Eg får likevel ein eiga kjensle av å vere i kyrkja, og i mange år har eg spelt saman med koret Kong Hanes Eft. på jolekonsertar. Det er ein fin tradisjon som eg set pris på å vere med på».

Kommersiell jol

Som så mange andre kjennar han på at jola kjem tidlegare, og at ventetida-advent – ikkje får same plassen som for et par tiår sida:

«Jola er, som så mykje anna, blitt meir og meir kommersiell. Ein blir jo sliten av det, vertfall blir eg det. Så tykkjer eg at dei kunne venta til desember med å selje jolegodter og jolebrusen. Ein blir

jo freista og, kjenner eg på. Det krev sjølvdisiplin å klare å gå forbi jolebrusen før desember. Og i år gjekk eg på ein smell midt i oktober.

Adventstida, altså denne ventetida, handlar for meg fyrst og fremst om å glede seg til dei rolege joledagane heime, saman med flokken og gode vener.» Jolestemninga kjem heller ikkje fyrst og fremst av alt det ein kan kjøpe.

«Eg blir meir og meir glad i jola, set pris på at folk pyntar opp med lys i hagar og vindauge, og jolesongane på radio. Men det er fyrst når sjølve joledagane kjem at eg kjenner at roen kjem. Då tek vi inn joletreet og gjer huset klart. Vi har overraskande mykje jolepynt liggande i boden.»

Jolesongane

Vi grip tak i jolesongane, og lurar på kva jolesong han likar best: «Ein song eg set veldig pris på er «Slak Line», der Kjar-tan Fløgstad skreiv teksta, og Kirsten Bråten Berg syng. Songen blei gjeven ut for nokre år sidan på Frelsesarmeens joleplate Stolpesko. Eg har også vore så heldig at eg har fått lov til å spele nettopp den songen saman med Kirsten ei gong.» Og då må me jo berre finne ut kva film som er den ultimate jolefilmen: «Det er nesten så eg blir litt flau, at ein film eg likar å sjå i jola er «Love Actually», ein klissete kjærleiksfilm frå 90-talet. Men ikkje sei det til nokon.»

Og det skal me sjølv sagt ikkje gjere!

Jolebamse

Jola er full av tradisjonar. I samtale med konfirmantane i Bygland kom det fram at det er få av dei som kler seg ut og går «knask eller knep» på halloween, i motsetning til bygdene sørover. I staden meinte dei at dei pleier å gå jolebukk. Dermed lurar me fælt på om dette gjeld ordføraren og?

«Det er mange år sidan, men då eg var liten, gjekk me ungar jolebukk på Byglandsfjord. Det var moro! Eg har også gått saman med ungane her i Åraksbø, her kallast det for «jolebamse».

Så hermed veit de, de som bur i Åraksbø, at de må ha klar både klemmentinar og sjokolade, for kanskje kjem ordføraren og syng «Slak line» utkledd som jolebamse!



Songfuglen frå Kvarstein - vår nye sokneprest i Bygland!

Kristine heitte ho, og gret når ho vart fødd. Men snart song ho av full hals, og som så mange andre i heimbygda hennar starta karrieren på Kvarstein bedehus.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Køyrer du sørover langs riksvegen frå Vennesla ligg Kvarstein bedehus på høgre side, rett før gartneriet og brua som skiljer Vennesla frå Kristiansand. Det er over hundre år gammalt, men framleis i aktivt bruk, og her trødde Kristine sine barnesko både titt og ofte. Nett slik vår dugande pianist Erik Hodnemyr har gjort.

Og berre så det er nemnd: Du seier ikkje om Kvarsteinbuar at dei er frå Vennesla. Du sier dei er frå Kvarstein!

Far til Kristine leia søndagsskulen på bedehuset i tretti år.

Og her var det i tillegg barneforening, barnekor, yngres, ungdomsforening og ungdomskor!

Leiarerfaring

Si første leiarerfaring fekk Kristine som leiar av yngres, og omtrent samstundes byrja ho å spela piano i ungdomskoret. Då var ho femten år gammal!

Feiring av nyttårsaften på Kvarstein bedehus i "gamle dagar" var vidgjetne, og her fekk ungdomana boltra seg på alle "kunstneriske plan".

Ryktane vil ha det til at ein viss kommuneingeniør med det klingande namnet Sagedal gjorde stor lukke i "Grevinna og hovmesteren". Sjølv sagt som hovmeister. Om Kristine spelte grevinna sier ikkje soga noko om....

Utferdstrangen

Men då ho var ferdig med ungdomsskulen gjekk ferda til Musikklinja på



Vågsbygd vidaregåande skule. Så for ho til Oslo på bibelskule, deretter eit opphald på Menighetsfakultetet, før ho reiste heilt til Andenes i Vesterålen for å arbeide som kyrkjelydssekretær.

Men utferdstrangen stoppa ikkje der, for undervegs traff ho ein Amerikaner, og for etterkvart i vesterled heilt til Austin i USA. Der fekk dei to søner,

og vel attende i Noreg kom den tredje guten til.

Sønene har alle dobbelt statsborgarskap, men heldt seg stort sett i Noregsveldet - til stor glede for ho mor.

I 2014 traff ho Rune som ho gifta seg med. Diverre vart han etterkvart sjuk og døydd av kreft, og for Kris-

tine var det eit tap og ei sorg som til tider har vore svært tungt å bere.

Samstundes har det nok vore til hjelp at ho og har tatt utdanning innan psykiatri, og i mange år har arbeidd med psykisk helse i Kristiansand kommune.

Attende i prestetenesta

I 2018 gjekk ho delvis attende i prestetenesta med eit vikariat i Evje og Hornnes prestgjeld. Så følgde ein periode som prest i Valle og Bykle, før ho no har gått inn i stillinga som ny sokneprest i Bygland og Årdal sokn.

Førebels er det snakk om eit engasjement fram til neste sumar, men om ho har helse og overskot er ho slett ikkje framand for å fortsetje.

Kristine nyttar songen og musikken aktivt i si teneste, og skribenten er litt stolt over å ha sunge "O Helga natt" saman med henne i ein liten kvartett sist jolaftan i Iveland kyrkje.

Om ho gjentek suksessen i Bygland eller Årdal kyrkje no på jolaftan gjenstår å sjå, men tilbakemeldingar fortel at ho allereie har gledd bebuarane på Byglandsheimen med vakker song!

Vil dele ein song med oss

Kristine ønskjer til slutt å dele ein song, og seier i samband med denne:

"Denne salma betyr mykje for meg, og avdi eg har kunne halde fast i den i tider då det ikkje kjennest som i teksten. For nett då har eg fått kjenne at dette er håpet mitt og det eg trur på."

*Som når et barn kommer hjem
om kvelden*

og møter en vennlig favn

*slik var det for meg å komme til Gud
jeg kjente at der hørte jeg hjemme*

*Det var en plass i Guds store rom
en plass som ventet på meg*

*Og jeg kjente: Her er jeg hjemme
Jeg vil være et barn i Guds hjem*

Gåver til Kyrkjelydsbladet

Aslaug Skjeggedal 10, Birgit Miljeteig 5, Olav A. Hovstad 10, Olav J. Hovstad 10, Ingebjørg Rostveit 5, Selma Hovstad 10, Olav Rysstad 10, Eivind J. Greibrokk 10, Signe Lande 10, Eivind T. Greibrokk 5, Tor Lande 10, Olaf Skjeggedal 10, Ingebjørg Greibrokk 10, Maria Lande 10, Jon Løyland 10, Olav Løyland 10, Gunnar E. Lande 10, Torbjørg Neset 10, Anlaug Vedvik 10, Lars Utåker 10, Jens Lien 10, Rolf Hauge 5, Olav S. Langerak 10, Sigurd Vestøl 5, Tora Fjeldberg 5, Bernh. Almedal 10, Torleiv Almedal 10, Karl Håkedal 10, Tore Sandnes & Torbjørg Rognlien 20, Ragnhild & Anne Haugen 20, Olga Sæghus 10, Mari Hennestad 10, Tora Huset 10, O.O. Sandnes 10, Eivind Attestog 10, Anne Graven 10, Birgit Attestog 10, Gunstein N. Neset 20, Knut Vatsend 20, Niklos Skreland 10, Jakob Haugå 10, Margit Flæte 10, Gunnar Haugå 10, Eivind Haugå 10, Arne Haugå 10, Gudrun Hestås, Olav Uppsal 15, Jon Langerak 20, (Ingeborg Larsson, Thora Gunderson, Neri Langerak 50), Gunnar T. Frøysnes 5, Johans Frøysnes 5, Eli Liestøl 5, Torgeir T. Frøysnes 5, Liv Frøysnes 10, R. Liestøl 20, Signe Frøysnes 10, Erling Berg 10, Hallvard Frøysnes 10, Sigfrid Tjelland 10, Jorunn Boe 5, Toralf Skjeggedal 10, Sina Hauge 5, Marie Landås 10, Tellef Gautestad 5, Birgit Vatsend 10, Per Østerås 20, Torjus Frøyrak 10, Torleif Boe 10, Marcus Fiskå 10, T. Aaleborg 10, Gudrun Haugå 15, Jon Bjørgum 10, Ole Vestøl 10, Hestvåg 10, Skjolluv Frøyrak 20, Sverre Stålesen 10, Syvert Hommen 10, Knut Urði 10, Torkjel Segberg 10, Kari Salomonsen 10, Gro Gakkestad 10, Olav Heggveit 10, Anne Onstad 10, Mari H. Viki 10, Torbjørg Grunde 10, Birgit Krosshøl 10, Kjetil Haugen 10, Hallvard Haugen 10, Olav Haugen 10, Anne Marie Haugland 10, Gyro Evju 10, Torbjørn Borge 10, Gunhild Haugen 10, Torbjørg Sordal 10, Olav Nordenå 10, Olav Gakkestad 10, Gyro Gakkestad 10, Bertha Kostøl 10.

Hjarteleg takk

Frå heim og kyrkje



BYGLAND:

Døypte:

7/9 Marit Kristin Bygland
7/9 Irene Haugen

Avlidne:

27/7 Knut Bygland, f. 30/10-1912
30/9 Sveinung Nænes, f. 6/12-1880.
3/10 Gunnar Raustad, f. 11/3-1900.

ÅRDAL:

Døypte:

14/9 Frode Hovstad - Døpt i Vågsbygd.
5/10 Trond Langemyr - Døpt i Austad.
12/10 Gerd Gjertveit.

Ektevige:

11/10 Arne Bakke og Märtha Brekke.
18/10 Olav Aasland og Gro Haugaa.

Avlidne:

12/8 Gunnar Jorundson Bakke,
f. 24/12-1908.

AUSTAD:

Døypte:

17/8 Liv Nomeland

SANDNES:

Døypte:

14/9 Birgit Nordgarden.

Otredal prostiråd

Dette er prostirådet 1976, etter valet på prostimøtet i Hornnes, 28. september d. år.

Medlemer:

Helge Knobel
Sverre Lund
Ellef Aasland.
Anne Løyland Haugå.
Sokneprest T. Birkeland.

Varamenn:

Gudmund Skisland,
Torleiv B. Harstad,
Olav Ruud.
Reidar Lindland.
Res.kap. T. J. Viste.

Takk til Olav Nilsen

I 18 år hev Olav Nilsen vore kyrkje-
verje i Bygland. Som klokkar og
kyrkjetenar i desse åra, og som leiar
av sokneråd og fellelsråd i åtte av desse
åra har eg vorte godt kjent med Olav.
Olav hev vore veldig lett og grei å
samarbeide med.

Han hev styrt økonomien i kyrkja
med stø hand, og sytt for at alle kyrk-
jene er i god stand.

Olav hev også sytt for at kyrkje-
gardsregistra er oppdaterte, noko som
har vore arbeidskrevande å få til.

Olav er glad i musikk, og i dei åra
han har vore kyrkjeverje har han
fått til fleire flotte konsertar med

artistar frå USA, Sverige og Noreg.

Kvar sommar er det Bibel og Natur-
camp på Kvs Bygland. Denne er det
Olav som er leiar for, og alle sit att
med fine minner frå veka på Bygland.

Olav er ein framifrå god reiseleiar.
Han hev laga turar for kyrkjelege
tilsette og Vonheimkoret til både
Spania, Wien, Danmark og i vårt eige
land.

Eg er takksam for at eg har lært
Olav å kjenne, og synest det er flott
at han no er med i Vonheimkoret og
på den måten held kontakt med oss
byglendingar.

Vensam helsing Knut Gakkestad

Takk til sokneprest Kjell Steinbru

«Alt har si tid» seier Skrifta. Det gjeld og prestenesta til sokneprest Kjell Steinbru, sjølv om han gjerne tek på seg vikaropp-gåver både her og der - og etter han har vorte pensjonist.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Kjell er fødd i 1956, og vaks opp på Voie i Kristiansand. Her gjekk han på Møvig skole og Sjøstrand skole, før han tok gymnaset i Kristiansand.

Gjennom skulelaget på Møvig skole kom han til bevisst kristen tru, og vart etterkvart svært aktiv i det store og rike ungdomsarbeidet i Vågsbygd menighet.

Her var han mellom anna med i ungdomskoret Notabene som på det meste hadde heile 200 medlemmer - under eminent leiding av Alf Helge Wige. Han var ikkje berre ein svært dugande dirigent, men og ein engasjert og frisk forkynnar - med Jesus i sentrum!

Og talen Alf Helge Wige ein gong heldt over Romerane 8.1 gjekk rett til hjartet på Kjell, og har for alltid prenta seg fast: "For så er det då inga fordøming for den som er Jesus Kristus"!

Han har aldri har vore så nervøs i heile sitt liv

Kjell gløymer aldri då han vart spurd om å halde eit vitnesbyrd på eit stort arrangement i Venneslahallen. Det var store lyskastarar på scenen, og minst tusen menneske i salen som han aldri kunne sjå ein gong.

Kjell fortel at han aldri har vore så nervøs i heile sitt liv, men hendinga

gav likevel meirsmak, for gjennom alt dette kom og kallet om ei teneste i Guds rikes arbeid.

Menighetsfakultetet


Så etter gymnaset gjekk ferda til Menighetsfakultetet, og 19. desember 1982 vart han ordinert som prest av biskop Andreas Aarflot i Oslo Domkirke.

Eitt år seinare vart han spurd om å gå inn i ei teneste i døvekyrkja. Han hadde då allereie fått ein funksjonshemma gut som gjekk i ein barnehage for døve. Endå eit funksjonshemma barn vart fødd, og då vart det etterkvart for krevjande å kombinera full presteteneste med omsorga for desse borna. Det vart difor ein lang periode i arbeid på det dei på den tida kalla "Heimen for døve".

Til Evje i 2012

Så vart det presteteneste att fleire stader, før han i 2012 kom til Evje Prestegard. Her bur han framleis, sjølv om han frå og med 2016 i hovudsak har tenestegjort i Bygland og Årdal sokn - og frå og med 2019 i kombinasjon med presteteneste i Åseral.

For Kjell vart det på ymis vis ein stor overgang å koma frå ein relativt stor kyrkjelyd til ein liten stad med små ressursar slik det er i Bygland. Men her har han møtt mange gilde menneske, både i kyrkjelyden og elles, og samarbeidet både med sokneråd, kyrkeverje, og alle frivillige både i kyrkje og bedehus, har vore det alle beste.



Kjell har hatt like stor glede av konfirmantarbeidet som av å halde andaktar på Byglandsheimen, og ikkje minst har han opplevd det som meningsfullt å følgja dei gamle inn til deira siste kvile. Og kan hende like mykje i høve til dei pårørande som må ta farvel med sine kjære. Så alt i alt har Kjell opplevd prestetenesta som både mektig, stort og meningsfullt!

Signe Elisabeth

Han er og svært takksam for Signe Elisabeth som no har kome inn i livet hans. Saman har dei bygd seg ein god heim - framleis i prestegarden, der dei kosar seg med hagearbeid, eit nytt stor drivhus, og av det å kunne hausta av all den grøda jorda gjev når det berre vert sådd i rette tid. Slik me har løfte om at det skal spira og gro overalt der Guds Ord vert sådd!

Me er mange som er takksame for den klare og tydelege Kristusforkynninga vår avtroppande sokneprest Kjell Steinbru alltid har båret fram, og det er vår tru og von at Guds rike og Guds Ord framleis må ha rikeleg plass i kyrkjelyden i Bygland!

Gudsteneste og avskil med «gamlepresten»



Søndag 5. oktober var det gudsteneste og avskil med sokneprest Kjell Steinbru. Etter ein regntung føremiddag klarna veret etterkvart opp, då ein gjeng gilde kyrkjefolk først samla seg til middag på Revsnes hotell.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Så bar ferda vidare oppover til Sandnes kyrkje i Åraksbø, der ettermiddagssola fargela hausten i sin fagraste prakt. Vonheimkoret song av full hals, og mannstrioen Svein Kleivane, Gunnar Gautland og Harry Andersen song så vent at hjartane mest smelta.

Hadde dette vore på 70-talet hadde Arne Aano straks engasjert dei som songevangelistar i Misjonssambandet!

Det var fungerande prost Fredrik Netland som takka Kjell Steinbru for lang og tru teneste i Otredal prosti, og sokneprest Kjell Steinbru heldt nok ei engasjerande preike med Jesus i sentrum! Og kan hende ikkje så rart at ei av salmene Kjell Steinbru hadde valgt denne søndagen var “Salige visshet” - ei av dei mektigaste og mest innhaldsrike songane i Salmeboka.

Det var som vanleg vår eminente pianist og organist Eirik Hodnemyr som sette tonefølge til det heile, og då vert det alltid som ein fest i seg sjølv!

Ein gild flokk hadde møtt fram, både i kyrkja og på Grendehuset etterpå. Her vanka det kveldsmat og godsaker av alle slag, og den gode

gamle lukta av nykokt kaffi fylte lokalet.

Fleire takketalar vart avholdt, og gilde gaver vart delte ut til vår avtroppande sokneprest. Attpåtil delte avtroppande kyrkjevevja ut kvar sin “humørfigur”, laga av vår kjære trekunstnar Bjarne Nordgarden, til medlemmene i Vonheimkoret. Dette avdi det alltid er songarar utanfrå som vert tilgodesett med milde gaver, medan dei næraste som oftast vert tekne som sjølvsgatte. Så då var det på tide å rette dette opp så langt det let seg gjere.

Alt i alt vart det ei gild gudsteneste og ein gild avskilsfest for vår avtroppande sokneprest Kjell Steinbru. Me ynskjer han fortsatt Guds rike velsigning over liv og teneste!

Song- og diakonigudsteneste i Bygland kyrkje

Søndag den 16. november var det duka for song- og diakonigudsteneste i Bygland kyrkje.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Kjell Steinbru leia gudstenesta, prostidiakon Åse Gudrun Thortveit hadde talen, og Charlie Blackwater og organist Oddbjørn Stakkeland stod for fagert samspel på både preludiet og postludiet.

Nyinnflytta Byglinga Annemarie de Jong frå Nederland trollbatt kyrkjelyden med fager song, og attpåtil vart det forretta dåp.

Til sist i gudstenesta takka Harry Andersen avtroppande kyrkjeverje for alle konsertene me har hatt ansvaret for i Bygland kyrkje - både med norske og amerikanske toppartistar!

Etter gudstenesta serverte Vonheimkoret velsmakande kveldsmat og andre godsaker, og underteikna vart takka av så mykje og av så mange at ein knapt fekk plass i bilen til alle gåvene dei meinte ein enkel landsens kyrkjeverje fortente.

For dette seier eg stor takk.



*Annemarie de Jong i aksjon.
På klaveret Oddbjørn Stakkeland*



Prostidiakon Åse Gudrun Thortveit heldt dagens preike



*To gode vener - tidlegare rådmann
Aasmund Lauvdal og avtroppande
kyrkjeverje Olav Nilsen*



*Charlie Blackwaster trollbatt publikum
med si framragande framføring på
munnspele sin*



*Harry Andersen gav vår nye kyrkje-
verje Anne Synnøve Ropstad ein god
velkomstklem*

Ein legende går inn i pensjonistanes rekke

Så var tida komen for at Olav Nilsen skal bli pensjonist. Det er ein mann med eit stort hjarte for Bygland som no gir seg som kyrkjevevjer.

Tekst: Anne Synnøve Ropstad

Han har gjort mykje for bygda. Spesielt har han tilført mykje når det gjeld musikk og reiseliv. Store artister har funne vegen til Bygland og hatt konserter her, fordi Olav har lagt til rette og organisert.

Turane hans har og vore til glede for mange. Dei har gått både innanlands og utanlands, og ein har vore på vitjing i både danske kyrkjer og tyske forsamlinger, og knyt vennskapsbånd.

Men Olav har og gjort mykje på det administrative området. Då han kom gjorde han ein stor jobb med å kartlegge dei seks kyrkjegardane i kommunen. Dermed har vi no ein god oversikt over dei. Kyrkjene våre er og godt vedlikehaldne og flotte. Rekneskapet hadde han kontroll på sjølv, og la trygt fram for sokneråd og fellesråd. Kyrkjebladet har og lagt Olav tett på hjartet. Det har vore fullt av flotte bilete og forteljningar frå turar og flotte hendingar i kyrkjene og nærmiljøet.

Mange kjem til å sakne kaffikoppene med kyrkjevevjer. Han hadde alltid tid til å snakke med folk, og stakk ofte innom der han køyrde attom. Det er til etterfølging å ta seg tid til denne praten og sjå kvarandre. Han hadde omsorg for medarbeidarane sine, gav dei tillit og oppbakking. Ein æra er over når Olav Nilsen no trekk seg attende. Heldigvis har han lova å fortsette både med Bibel- og naturcamp på KVS, turar og konserter. I tillegg er han no å sjå i rekkene i Vonheimkoret. Så ikkje slå av kaffikjelen heilt enno, for plutsleg står han på døra di og vil slå av ein prat etter gamalt.

Det er verkeleg på sin plass med ein takk til deg, Olav, for alt du har gjort og betydd for både kyrkja og Bygland.



Soknerådsleiar Gro Tove Frafjord Sandnes takka av den pensjonerte kyrkjevevjerja både i det vide og det breie etter diakonigudstenesta.

JULEKONSERT

LYS I MØRKET

6 DECEMBER BYGLANDKYRKJE

KL 19.00 **SETESDALVEIEN 2214**
4745 BYGLAND

SØRLANDET PILGRIMSKOR

ANNEMARIE & VENNER

PIANO - MARK VAN DER FEEN
VIOLIN — ROBERT CEKOV

INNGANG : NOK 200
VIPPS :40344373



«Nå tennes tusen julelys»

Eg sit attmed stoveglaset og ser november mørkne. Snart kjem advent, og med han kjem lysa, luktene - og lyden av små føter som spring gjennom huset.

Tekst og foto: Øystein Moi

Brått ser stova ut som ei krigssone. «Nugatti» på fjernkontrollen, ein rosa sokk i blomsterpotta, tenner i tapeten, Peppa Gris på TV og brødsmuler i kvar ein krok. Pepperkakeformer i kampmodus og kakemenn i luftige svev gjennom ei open dør. Sjølv he eg trødd på ein gul Lego-kloss. Barføtt. Smerter som ein dobbel setefødsel.

Advent. Eg kjenner forventninga i lekamen – ikkje den stressa, men den stille, varme. Eg er bestefar - og julehøgtida he for meg fenge eit heilt nytt andlet. Eit nytt innhald.

Dei små arvingane ventar på nissar, reinsdyr og gåver. Eg ventar på blikk, på latter, på dei små hendene som stundom gøymer seg i mi hand. Men eg ventar og på noko anna – på minnene.

For julehøgtida ber samstundes med seg alt kva me he vore - og alle dei me he vore glade i. Dei som ei gong var.

I skumringa, i ljuset frå adventsstaken, ser eg andleta til dei som ikkje lenger er. Eg høyrer røyster som ei gong lo og skravla kring bordet. Eg kjenner tomrommet - men eg kjenner og på takksemd.

Det er noko underleg med denne høgtida. Ho er glede og sorg, forventning og ettertanke.

Latter og tårer i ein himmelsk lapskaus.

Ho er eit barn som opnar ei gåve, og ein bestefar som hugsar ei hand han ikkje lenger kan halde. Ho er ribbe, løpse og surkål – og ho er brun saus på den kvite duken.

I jula vel eg å vere nær. Nær dei små, nær minna, nær det som betyr mest. For meg.

Eg pyntar ikkje for perfeksjon, men for tradisjon og sjelefred. Eg kjøper ikkje for å imponere, men for å glede. Eg tenner ljøs, ikkje berre for stemning, men like mykje for håp. Eg tenkjer stadig på at no er tida endeleg mogen for å kjøpe joletre – av plast.

Ferdig pynta. Klar til bruk. Slik det høver seg ein alderstrygda bladfyk.

Jula er ikkje berre ei feiring. Ho er ei påminning. Ei påminning om at livet gjeng vidare, men aldri heilt utan det som ei gong he vore. Ei påminning om at sorg og glede kan leve side om side.

Så når dei små kjem inn døra, med raude kjaker og store augo, då kjem jola til meg. Då kan eg kviskre meg sjølv i øyra, og seie: Eg er rik. Rik på minne, rik på kjærleik, rik på tid – den dyrebare. Kvalitetstida.

Dei små håpefulle tel ned med sjokolade i kalenderen og våte draumar om nissar, reinsdyr frå Nordpolen, gåver og ekte magi. For dei er jula eit eventyr – ei tid kor verda blir mjuk og varm og full av undring.

Men bak kulissene, bak fasadene, gøymer det seg ein evig kamp. Foreldre med handlister, budsjett, julekort, julebord, akevitt, logistikk - og forventningar som ikkje alltid er deira eigne. Dei spring mellom butikkar og barnehagar, mellom jobb og juleavslutninger, mellom det dei vil og det dei føler at dei absolutt må.

Førjultida, som ein gong var ei heilag ventetid, he etter kvart vorte ei prestasjonstid. Ei tid kor fred og ro må planleggjast, og kor nærvær og stille stunder ofte kjem haltande i bakleksa. I ljuset frå adventsstjerna jagar me tida, medan kvilepulsene ligg att i skuggane bak oss. Ein eller annan stad.

Og midt i dette evindelege kaoset stend dei små borna – med enkle ynskje, store augo og store kjensler. Dei ber ikkje om det perfekte. Dei ber om tid. Tid til å bake, til å le, til å vere saman. Tid til å ete kransekake og kakemann - og drikke julebrus med sugerør. Tid for å kjenne at jula rører ved oss, ikkje berre susar forbi. I ein himla fart.

Filosofen Arne Næss sa mykje rart, og til tider mykje heilt uskjøneleg – men han tala samstundes varmt om det enkle liv. Om å finne gleden i det nære, i det stille, i det ekte. Kanskje er det nettopp dette borna minner oss om: At jula ikkje treng glitter for å glitre. Ho treng meir blikk som møtast, hender som held, og ho treng rom for undring. Rom for takksemd. Rom for håp.

Og så er mitt håp - at dei som er små i dag - ein dag vil hugse meg, bestefar, slik eg hugsar dei som eg sjølv he mista: Med varme, med smil, med ljøs i mørket. Med vyrdnad og med respekt.

At dei aldri meir vil strø Lego-klossar på stovegolvet. Når bestefar gjeng barføtt.

Tårnagentar og konfirmantpresentasjon

Sundag 19.oktober hadde me ei innhaldsrik gudsteneste i Bygland kyrkje.

*Tekst: Anne Synnove Ropstad
Foto: Hege Jore Gakkestad*

På laudagen hadde tårnagentane vore i kyrkja og løyst agentoppdrag, og dei var med i gudstenesta på sundagen og fortalde om det dei hadde gjort. Dei viste fram kyrkjekunsten sin, som dei hadde laga på samlinga dagen før. Her var det glassmaleri av hjarter og kyrkjevinduer.

Dei fekk og vere med Svein oppi tårnet og ringe i klokken.

Det var og dåp, lille Oliver vart døypt, og konfirmantane, sju flotte ungdomar, vart presentert for kyrkjelyden og fekk kvar sin Bibel.

Mats Hansen har vore i preste-praksis i Bygland nokre veker denne hausten, og han var med som i liturg og hadde preika.

Alt i alt var det ein flott søndag i kyrkja!



Konfirmantane vart presenterte for kyrkjelyden.



Ungdomsleiar Eivind Leander Dale og dei tre tårnagentane.

Konfirmanttankar om jula

Me er godt i siget med konfirmanttida, og siste samlinga hadde vi en kort samtale om kva som er viktig med jola.

*Tekst: Anne Synnove Ropstad
Foto: Kristine Borgen*

Det fyrste som kom opp var gåver. Mange gåver. Men dette blei raskt motsagt.

Fleire meinte det var viktigare å få noko en verkeleg ynskte seg. Og så var det eigentleg faktisk meir meningsfylt å gje gåver enn å få, meinte nokre av dei. Dessutan var joletreet like viktig! Det kan vere plastikk, om ein vil at

det skal vare heile desember, og ikkje berre tas inn på vesle jolaftan. Men så er det noko med den lukta som treet gjev... Men alle var samde om at rosa joletre, det gjekk ikkje an. I alle fall ikkje i stova. Og i alle fall ikkje med glitter! Men når til og med gofa kunne ha plastikk, ja då måtte det jo gå an for alle!

Det er mykje med jola, mange tradisjonar, og mange kjensler, men konfirmantane var likevel samde om at det viktigaste i jola er familie, og å vere saman. For fleire av dei var det og viktig å gå i kyrkja på jolaftan, som det er for mange av oss. Så då avslutta vi stunda i kyrkja med å tenne ljøs for dei vi er glad i. Vi song om jola sin

hovudperson, Jesus og ba om Guds rikaste signing. Så neste gong skal vi snakke endå meir om Jesus. Kvifor han kom som eit lite born, og kvifor han måtte døy. Kva som er meininga med livet, og kvifor vi er her på jorda. Ja, sånne konfirmanttema, veit de, sånne som ein nok alltid kjem attende til, og som skapar undring i ein kvar.





Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

Lørdag 6. desember

"Lys i mørket"

Jolekonsert i Bygland kyrkje kl.19.00

Sørlandet Pilegrimskor, sopran

Annemarie de Jong, pianist Mark van

de Veen og fiolinist Robert Cekov

Inngangspris: kr.150,-

Søndag 14. desember

Jolekonsert med Kong Hanes efft.
med vener

Bygland kyrkje kl 17.00

Inngangspris: kr 150,- for vaksne

Søndag 21. desember.

Me syng jola inn med Vonheimkoret

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.18.00

Onsdag 24. desember.

Jolaftan

Byglandsheimen kl.13.00

Organist: Runar Flåt Granheim

Bygland kyrkje kl.14.30

Organist: Runar Flåt Granheim

Årdal kyrkje Grendi kl.16.00

Organist: Oddbjørn Stakkeland

Jolegudstenester ved Kristine Borgen

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Torsdag 25. desember

Joledag

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.16.00

Gudsteneste ved Kristine Borgen

Organist: Eirik Hodnemyr

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 18. januar

3. søndag i openberingstida

Gudsteneste i Bygland kyrkje kl. 11.00

ved sokneprest Kristine Borgen

organist: Eirik Hodnemyr

Søndag 15. februar

Fastelavnssøndag

Gudsteneste i Sandnes kyrkje,

Åraksbø kl. 11.00,

ved sokneprest Kristine Borgen

Organist: Eirik Hodnemyr

Søndag 15. mars

4. søndag i fastetida

Gudsteneste i Bygland kyrkje kl. 11.00

ved sokneprest Kristine Borgen

Organist: Eirik Hodnemyr



Me syng jola inn

Sundag 21. desember kl. 18.00

samlast me til songkveld i

Sandnes kyrkje Åraksbø.

Vonheimkoret vert med
som i alle år.

Tak med den songrøysta du
har, for det blir ein del allsong
og andre innslag.

Ver med å skape den gode
stemninga inn mot den store
høgtida!

*Ein enkel kopp kaffi i
benkeradene høyrer og med.*

Vonheimkoret og Svein Kleivane

Kvittering

Innbetalt til konto

2898 20 05630

Betalingsinformasjon

Gåve til
Kyrkjebladet

Betalt av

Støtt
Kyrkjebladet

vøpps

554108

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6530865305

GIRO

Underskrift ved girering

Betalings-
frist

Betalt til

Kyrkjebladet

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
v/økonomiavd. Bygland kommune
4745 Bygland

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

<

>

2898 20 05630

<6530865305>

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Døde

Torleiv Moy
født 11.11.1939, død 10.09.2025
Edith Dagmar Brokeland Neset
født 19.11.1938 død 14.09.2025
Svanhild Frøysnes,
født 6.12.1953 død 20.9.2025
Arne Haugå
født 30.08.1951, død 6.10.2025

Døypte

Bjørn Brandsegg Mehus,
5. oktober i Årdal kyrkje, Grendi
Oliver Simonstad Almås
19. oktober i Bygland kyrkje
Knut Lauvdal Austad, 2. november
i Austad kyrkjegardskapell
Anne Lauvdal
16. november i Bygland kyrkje

Kyrkjebladet for 70 år sidan - 1955

Gudstenester.

4. søndag i advent kl. 11: Araksbø. Barne-
gudsteneste.
Jolaftan kl. 14.30 (½3): Årdal kyrkje.
Barnegudsteneste.
Jøledag kl. 11: Bygland kyrkje. Oftring.
Annandag jol kl. 11: Austad kyrkje.
Soknepresten. Oftring.
Annandag jol kl. 11: Araksbø. Pastor
G. Løyland. Oftring.
Nyårsdag kl. 11: Årdal kyrkje. Oftring.

Frå kyrkjebøkene

Døyp te:

10. juli. Sandnes kyrkje: Elin Bjørg Borgi,
f. 9. mai. Foreldre: Snikkar: Tor Tor-
bjørnson Borgi og k. Eli, f. Haugen.
10. juli. Sandnes kyrkje: Knut Gakkestad,
f. 29. mai. Foreldre: Gardbruker Gun-
nar Knutson Gakkeestad og k. Tone,
f. Fosslid.
10. juli. Austad kyrkje: Margit Austad,
f. 13. mai. Foreldre: Maskinhaldar
Olav Eivindson Austad og k. Jorunn,
f. Rysstad.
3. august. Bygland kyrkje: Wiggo Wes-
terheim, f. 20. juni. Foreldre: Hotell-
styrar Stein Magnus Westerheim og
k. Inger Johanne, f. Marcussen.

Ein dag gjekk og frå Horverak til
Frøyra etter den veglina som skal knyte
vestre gardane til Byglandsfjord. Måtte
han berre snart verte fullført før folk
flytt frå! Det var elles noko sårt med
all ungdomen som tek ut frå bygdene,
men det er noko som ligg i tida. Det
er i alle høve ikkje lett å snu straumen.

Astrid og eg møtte ein einestående
godhug og gjestmilde alle stader der me
ferdast. Det gav meirsmak. Det er vel
ikkje truleg at det vert høve til Setesdals-
tur neste år, men det heg eg sett meg
i hovudet at neste gong skal eg minst
vera i seks veker, så eg slepp å haste
frå stad til stad.

Ein ting sakna eg. Det hadde vore
gildt å preike til høgmesse i ei av kyr-
kjene. Neste gong fær eg vonleg preike
i alle fem. Om då Gud gjev helse og
levedagar.

Med hjarteleg helsing frå Astrid og
meg.

Dykkar trugne ven Reidar Bolling.

14. august. Austad kyrkje: Signe Arne-
berg, f. 2. august. Foreldre: Bruks-
mann Lars Gunnarson Arneberg og
k. Tone, f. Heggland.
21. august. Bygland kyrkje: Tarald Rys-
stad, f. 24. mai. Foreldre: Bilseljar
Gjermund Anundson Rysstad og k.
Gunvor, f. Huset.
2. september. Austad kyrkje: Bjørn Hei-
stad, f. 29. juli. Foreldre: Skogsarb.
Olav Olavson Heistad og k. Torbjørg,
f. Heistad.
3. september. Bygland kyrkje: Torstein
Øygarden, f. 4. august. Foreldre: Sjø-
før Torjus Øygarden og k. Tone, f. Lid-
tveit.
4. september. Årdal kyrkje: Grete Fare-
mo, f. 16. juni. Foreldre: Telegrafist
ved N.S.B. Osmund Faremo og k. Tora,
f. Amli.
2. oktober. Sandnes kyrkje: Margit Lidi,
f. 11. august. Foreldre: Vegarb. Olav
Halvorson Lidi og k. Birgit, f. Segberg.
9. oktober. Årdal kyrkje: Gudveig
Haugaa, f. 28. august. Foreldre: Han-
delsbetjent Konrad Gunsteinson
Haugaa og k. Eva, f. Nordgård.
30. oktober. Bygland kyrkje: Magnhild
Nomeland, f. 8. september. Foreldre:
Jord- og skogsarb. Hallvard Sigurdson
Nomeland og k. Jenny Marie, f. Les-
land.
20. november. Austad kyrkje: Marit Taks-
dal, f. 11. oktober. Foreldre: Gards-
arb. Palmer Pederson Taksdal og k.
Gyro, f. Langeid.

Avlidne:

1. oktober: Fabrikkarb. Olav Bendikson
Stubseid, f. 21. februar 1902.
6. oktober: Sagarb. h.v. Sigurd Halvor-
son Eldhuset, f. 5. mai 1865.

Vigde:

10. september: Ingeniør Knut Gunnarson
Sveindal, Austad, og «barnsköterskan»
Ingeborg Linhart. Vigde i Stockholms
Rådhus.
19. november: Skogsarb. Eivind Olavson
Håkedal og hmv. Gunnbjørg Saghuss.

Ei velsigna Jol og eit Godt Nyår

ynskjer vi alle heimane i Bygland og dei
som bladet elles når fram til.

Inderleg takk for all den hjartevarme
som vi vart møtt med i det året som
går og som ga oss så mykje av glede.

Dykkar

Karen og Sigurd Roe.

Bladstyrar: SIGURD ROE
Fædrelandsvennens trykkeri - Kristiansand

Kyrkjelydene i Bygland

Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18, 4745 Bygland
Bygland kommune: 379 34 700
Heimeside: www.bygland.kyrkjelyd.no
www.facebook.com/Byglandskyrkjene

Sokneprest Kristine Borgen

Telefon 469 50 502
E-post: kristine.borgen@gmail.com

Kyrkjevevje Anne Synnøve Ropstad

Telefon 909 16 664
E-post: AR375@kyrkja.no

Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes

Mobil: 950 41 185
E-post: gro.tove74@gmail.com

Nestleiar: Susanne Hegenscheidt

Mobil: 941 74 761
susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no

Tilsette

Organist

Eirik Hodnemyr (eige firma)
Mobil: 975 69 885
E-post: eirik@hodnemyr.no

Klokkar og kyrkjjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad 948 80 383

Kyrkjjetenar, Årdal

Tore Moseid. 462 39 056

Kyrkjjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane 977 74 321

Reinhaldarar


Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Gro Tove Frafjord Sandnes
(Sandnes) 950 41 185
Kari Aud Bakke Svenningsen
(Årdal) 911 80 315

Prostidiakon

Åse Gudrun Thortveit .. 916 85 159
E-post: aasegudrun@hotmail.com

Rådgyvev:

Olav Nilsen 982 99 711
E-post: kbnilsen@hotmail.com



Avsender: Kyrkjebladet for Bygland
v/Olav Nilsen
Skisland 28, 4715 Øvrebo



Sandnes kapell lyser opp i haustmørket. Foto: Frank Egil Reise